




## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

---



Årsrapport 2012

---

**Forvaltning og tiltak**



## Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980. Den første årsmeldinga for verneområda kom i 1991 og har sidan vore årleg.

I 2011 vart Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert og i løpet av 2012 vart det tilsett to nasjonalparkforvaltarar. Forvaltningsmynda for verneforskriftene har sidan 2011 vore delegert til nasjonalparkstyret (før 2011 var fylkesmennene forvaltningsmynde).

Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta». Dette er nasjonalparkstyret sin første årsmelding og utforma av nasjonalparkforvaltarane. Både SNO Jotunheimen og Naturveilederprosjektet i Jotunheimen har utarbeida eigne årsrapportar.

Hovudformålet med årsmeldinga er å gje ei samla framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og akivitatar og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva i Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Framsdebilde: Vettisfossen i Utladalen

Foto: Rigmor Solem



## Innhald

Føreord.....	2
Innhald.....	3
1. Verneområda.....	4
2. Aktivitet .....	5
Informasjon .....	5
Skjøtsel .....	5
Tilrettelegging og vedlikehald .....	6
Arrangement i verneområdet .....	6
3. Aktørar i verneområda .....	7
Nasjonalparkstyret .....	7
Fagleg rådgjevande utval: .....	7
Nasjonalparkforvaltarar .....	8
Naturopsynet.....	9
Andre sentrale myndigheiter .....	9
Brukarar.....	10
Sentrale dokument.....	10
4. Arbeid nasjonalparkstyret 2012 .....	11
Økonomi .....	12
Vidare arbeid .....	14
Revisjon av verneforskrift:.....	14
Besøksstrategi: .....	14
Kartleggingsarbeid:.....	14



## 1. Verneområda

I samband med diskusjonen om vern av Jotunheimen vart det lagt stor vekt på at området har nokre av dei mest typiske ville fjellformasjonane i Noreg med preg av både austlandsk og vestlandsk fjellnatur. Frodige, lågareliggjande dalar, særreigne vassdrag, ei mengd brear og dei høgste fjella i Nord-Europa finst her innafor eit relativt avgrensa område. Det er vitskaplege verneinteresser innan geologi, limnologi, botanikk og zoologi. I vest lever ein villreinstamme. I området finst kulturminne som skriv seg frå fangstfolket som følgde reinen da breane trekte seg attende, steinbuer, hustuffer og fangstanlegg. Delar av verneområda har stor verdi som beiteområde for tamrein og bufe.

I Utladalen er det fleire nedlagde gardsbruk, stølar og husmannsplassar. Den tidlegare bruken av landskapsvernområdet gjer at det er eit særmerkt kulturlandskap der. Utlavassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i 1986 i Verneplan III for vassdrag, og her renn Vettisfossen som er den 3. høgste fossen i landet (275 m fritt fall), og den høgste uregulerte fossen.

Friluftsliv og fotturisme i Jotunheimen tok til for omlag 150 år sidan. Å ta vare området slik at det og i framtida kan vere triveleg å nytta til vanleg naturvenleg friluftsliv og fotturisme var sentralt framme i diskusjonen om vern eller ikkje.

Jotunheimen nasjonalpark (ca. 1151 km<sup>2</sup>) og Utladalen landskapsvernområde (314 km<sup>2</sup>) vart vedteken ved Kgl. res. 05.12.80. Verneområda ligg i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke og i kommunane Årdal og Luster i Sogn og Fjordane fylke. Arealet utgjer i alt 1.465 km<sup>2</sup>.

I samband med fredingsvedtaket vart det vedteke verneforskrifter for områda. Formålet med Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde går fram frå verneforskriftene i §2 og pkt. III:

*«Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere hove til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»*

*«Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunna nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.»*

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Oppsynsarbeid, medteke skjøtsel, vegleing og informasjon, skal fremje formålet med vernet.

## 2. Aktivitet

### Informasjon

«Naturveiledingsprosjektet i Jotunheimen» starta som eit prøveprosjekt i 2009. Dette er den mest direkte forma for informasjon til besøkande og har vorte eit fast tilbod. I 2012 informerte sesongtilsette naturrettleiarar direkte om lag 1600 personar i felt. Dette er noko færre enn i 2011, noko som skuldast mindre ressursar og noko sjukdom. Systemet med naturrettleiing er meir sårbart for uventa hendingar med berre to sesongtilsette rettleiarar. Ei fast stilling lagt til den mest typiske bruksparken i landet, vil sikre fagleg kontinuitet og betre tilbodet. Det er utarbeida ein eigen årsrapport for naturrettleiing i Jotunheimen og Utladalen i 2012 som ligg tilgjengeleg på nasjonalparkstyret sine nettsider.

SNO Jotunheimen, naturrettleiarane og nasjonalparkforvaltarane har delteke og informert på mange arrangement, møte, seminar og møte i felt. Oppsynet har generelt lagt vekt på informasjon til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar.

Oppsynet og forvaltninga har tidlegare poengtert viktigeita av å ha kontakt med dei ulike aktørane knytt til verneområda. Med eit nasjonalparkstyre av lokale og regionale politikarar og nasjonalparkforvaltarar som er plassert lokalt, vil det vere kortare avstand mellom forvaltninga og brukarane enn tidlegare. 2012 har vore prega av innkøying og både styret og nasjonalparkforvaltarane vil kunne bli meir synlege etter kvart.

Av informasjonsmateriell som vart produsert eller sett opp i 2012 kan nemnast blant anna Nasjonalparkpermen som er delt ut til turisthyttene i verneområda. Denne er utvikla av Norsk Fjellmuseum. I tillegg vart det laga og sett opp ein informasjonsplakat om søppel og eit nytt infoskilt ved parkeringa i Koldedalen. Oppdatert karttavle for Jotunheimen nasjonalpark vart sett opp ved informasjonssenteret Norsk fjellmuseum.

I 2012 vedtok nasjonalparkstyret «Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen 2013-2017». Dette er den overordna planen for informasjon i verneområdet og vil vere styrande for informasjonstiltak i den neste perioden. Viktige stikkord i denne strategien er blant anna: nettside, «Opplev Jotunheimen på ein time», «Opplev Jotunheimen på ein dag». Strategien set fokus på utvikling av innfallsportane, og dette vil vera viktige satsingsområde i åra framover, saman med den digitale informasjonen.

### Skjøtsel

Kvart år vert det gjennomført skjøtseltiltak for å ta vare på særskilde kulturlandskap og naturmiljøet knytt til dette kulturlandskapet. Arbeidet vert utført av sesongtilsette eller ved tenestekjøp av spesialkompetanse.

- Heimre Utladalen: vidareføring av skjøtsel i tråd med skjøtselsplan
- Øvre Utladalen: vidareføring av slått i Vormeli (2010) og skog-/krattrydding ved Guridalen (ny i 2012)
- Gjendebuområdet: vidareføring av skjøtsel i tråd med skjøtselsplan og beiting med geit (2009)

## Tilrettelegging og vedlikehold

Kvart år vert det utført ettersyn/vedlikehold/utbetring av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og sikringstiltak. Mange av desse vert utført av sesongtilsette eller ved tenestekjøp av spesialkompetanse.

- Sikringstiltak:
  - o Frå Vetti mot Vettisfossen: eksisterande sikringstiltak vart bytta ut og noko vart rydda vekk.
  - o Sti langs Gjende: sikring av utrasa parti
  - o Bukkelægge: eksisterande sikringstiltak vart bytta ut
- Stiprosjektet:
  - o Gjertvassdalen – Skogadalsbøen
  - o Skogadalsbøen – Friken
  - o På Besseggen
  - o Langs Gjende
  - o Opp Svartaksla
  - o Rauddalsbandet
- Steinarbeid
  - o Steinselet på Skogadalsbøen
  - o Avdalen

## Arrangement i verneområdet

- Det vart i år arrangert eitt telemarksrenn i nasjonalparken, "Galdhøpiggen" i Visdalen, med ca. 400 deltakarar første laurdag etter påske, den 14. april.
- "Besseggløpet" vart arrangert den 23. juni med ca. 70 deltakarar.
- Motbakkeløpet "Galdhøpiggen Opp" vart arrangert den 30. juni med 58 deltakarar.
- Motbakkeløpet "Fanaråken Opp" den 11. august hadde 550 deltakarar løpet, av dei 220 i konkurranseklassa.
- Til Topps – integreringsprosjekt i regi av IMDI og Norges Røde Kors, i samarbeid med lokale aktørar (Turistbedrifter og lokalt Røde Kors)

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementa.

Like utanfor Jotunheimen nasjonalpark, på Turtagrø, har det dei seinare år vore to arrangement som meir eller mindre brukar nasjonalparken. Det gjeld "High Camp", der overnatting og arrangement om kvelden er lagt til Turtagrø Hotel med dei næraste omgjevnadane. "Fjellfilmfestivalen" har i fleire år vore knytt til Turtagrø, men vart i 2012 flytta til Gjendesheim. Det vart likevel arrangert «Turtagrø fjellfilmfestival» på Turtagrø i september. High Camp i 2012 gjekk føre seg 4. — 6.mai, og det vart arrangert skiturar med mindre grupper til fjelltoppane i området. Om lag 600 personar kjøper billett til det som vert kalla verdas største topturarrangement. Turtagrø fjellfilmfestival hadde om lag 200 deltakarar. Fjellfilmfestivalen på Gjendesheim vart også arrangert i september med om lag 1000 deltakarar.

Forvaltninga og oppsynet følgjer med på kor stor grad arrangementa påverkar naturmiljøet og om dei vert så store at dei er søknadspliktige for dei delane som skjer inne i nasjonalparken. Særleg for High Camp i mai har dette vore ei viktig problemstilling i høve til villreinstammen i Vest-Jotunheimen.

### 3. Aktørar i verneområda

#### Nasjonalparkstyret

I brev frå Miljøverndepartementet 04. november 2010 vart det bestemt at forvaltningsmyndigheita for verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde skulle overførast frå Fylkesmannen til eit nasjonalparkstyret. Nasjonalparkstyret skulle bestå av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Samansetning av nasjonalparkstyret skulle følgje kommunestyre og fylkestingsperioden, dvs. fire år.

I brev datert 31. mars 2011 vart det første nasjonalparkstyret oppnemnt av Miljøverndepartementet. Det første nasjonalparkstyret konstituerte seg i møte 14.juni 2011. Grunna kommune- og fylkestingsval hausten 2012 vart nytt nasjonalparkstyre oppnemnd av Miljøverndepartementet i brev datert 17. januar 2012. Det nye og sittande styret konstituerte seg i møte 23. mars 2012. Det sittande styret er:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerar
<b>leiar</b>	Mai Bakken	Bjarne Eiolf Holø	Lom kommune
<b>nestleiar</b>	Ivar Kvalen	Marit Tennø	Luster kommune
<b>styremedlem</b>	Iselin Jonassen		Vågå kommune
<b>styremedlem</b>	Vidar Eltun	Aud Irene Hamre Rogn	Vang kommune
<b>styremedlem</b>	Arild Ingar Læg Reid	Marie Helene Hollevik Brandsdal	Årdal kommune
<b>styremedlem</b>	Frida Melvær	Aleksander Heen	Sogn og Fjordane fylkeskommune
<b>styremedlem</b>	Jørand Ødegård Lunde	Tor Jevnheim	Oppland fylkeskommune

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Oppland og kontakt og brev skal derfor sendast til:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
 Postboks 987  
 2626 Lillehammer  
 mail: [fmoppost@fylkesmannen.no](mailto:fmoppost@fylkesmannen.no)

#### Fagleg rådgjevande utval:

Nasjonalparkstyret er samansett av politikarar frå regionalt og lokalt nivå. For å involvere grunneigarar og ulike interesseorganisasjonar i forvaltninga av verneområde, skal det opprettast fagleg rådgjevande utval (FRU) for kvart nasjonalparkstyre.

I Jotunheimen og Utladalen har det vore lokale tilsynsutval i kvar kommune som har areal i verneområdet. Dette har vore heimla i verneforskrifta. Tilsynsutvala skal ha tilsendt einskilde saker, særleg som omhandlar varige inngrep, men kan også brukast som ein lokal ressurs i andre saker og i

samband med tiltak. Lokalkjennskap har vore eit viktig bidrag frå dei lokale tilsynsutvala. Etter kvart vart det vanleg å ha ei årleg fellessamling med alle tilsynsutvala rundt verneområdet.

Jotunheimen nasjonalparkstyre vedtok å opprette FRU med utgangspunkt i tilsynsutvala, men noko utviding med nokre interesseorganisasjonar. Møte i FRU erstattar dermed fellesmøta for tilsynsutvala. Første møte i FRU vart halde på Raudbergsstulen med synfaring i Klimaparken som fellesaktivitet. Følgjande organisasjonar/interesser var invitert/møtte:

<i>Invitert:</i>	<i>Møtte</i>
<i>Tilsynsutvalet i Lom</i>	<i>2</i>
<i>Tilsynsutvalet i Vågå</i>	<i>3</i>
<i>Tilsynsutvalet i Vang</i>	<i>2</i>
<i>Tilsynsutvalet i Årdal</i>	<i>-</i>
<i>Tilsynsutvalet i Luster</i>	<i>3</i>
<i>DNT Oslo og Omegn</i>	<i>1</i>
<i>Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane</i>	<i>-</i>
<i>Naturvernforbundet i Oppland</i>	<i>1</i>
<i>NJFF Sogn og Fjordane</i>	<i>-</i>
<i>NJFF Oppland</i>	<i>1</i>
<i>Norsk Fjellmuseum</i>	<i>1</i>
<i>Utladalen naturhus</i>	<i>-</i>
<i>Visit Sognefjord</i>	<i>-</i>
<i>Visit Jotunheimen</i>	<i>-</i>
<i>Lom kommune</i>	<i>1</i>
<i>Luster kommune</i>	<i>-</i>
<i>Vågå kommune</i>	<i>-</i>
<i>Årdal kommune</i>	<i>-</i>
<i>Vang kommune</i>	<i>1</i>

I tillegg møtte SNO Jotunheimen, nasjonalparkforvaltarane, styreleiar og Harald Klæbo frå Fylkesmannen i Oppland. Referat frå møtet ligg på nasjonalparkstyre sine nettsider.

## Nasjonalparkforvaltarar

Ved oppretting av nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vart det bestemt at det skulle opprettast eit sekretariat for styret. Sekretariatet skal førebu saker for styret, vegleie og informere brukarar av verneområdet. På grunn av vinterstengt veg over fjellet og geografisk utfordrande område, vart det bestemt at ein forvaltarstillings skulle leggest til vestsida og ein til austsida. Felles forvaltningsknutepunktet for Jotunheimen og Utladalen er ved Fjellmuseet i Lom.

- Kari Sveen vart tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Fjellmuseet i Lom. Kari kom frå stillinga som kommunalsjef i Lom kommune og har lang erfaring innan offentleg forvaltning.
- Magnus Snøtun vart tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Rådhuset i Luster i Gaupne. Magnus kom frå stillinga som nasjonalparkforvaltar i Breheimen og har erfaring frå både privat og offentleg sektor.



Nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Fylkesmannen i Oppland, men er underlagt nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeid for nasjonalparkstyret, men kan nytte nasjonalparkforvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov, etter samråd med nasjonalparkstyret.

Fylkesmennene sit inne med mykje erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og det har vore svært god dialog og samarbeid ved overføring av forvaltningsansvaret frå Fylkesmennene til nasjonalparkstyra og det nye sekretariatet. Det vart også gjennomført ei felles synfaring i juni 2012 som ledd i overgangsordninga.

## Naturoppsynet

Naturoppsynet er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. Naturoppsynet kan ikkje gje dispensasjonar frå verneforskrifta, men skal følge opp miljølovgivinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. I tillegg skal oppsynet informere, vegleie og gjennomføre tiltak og registreringar.

Statens Naturoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Direktoratet for naturforvaltning med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem har sidan 1986 vore sentral i naturoppsynet i Jotunheimen i ulike stillingar. Sidan 1996 har ho vore tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som tilsynsområde. Lokalkontoret har vore definert som Vang i Valdres, men frå 2012 er kontorstanden ambulerande med hovudsete på Naturhuset i Utladalen.

Naturoppsynet i Jotunheimen og Utladalen er supplert med eit omfattande tenestekjøp i form av både tilsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstyresamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Jotunheimen og Utladalen vart det i 2012 kjøpt tenester av fjellstyra i Lom, Vågå og Vang. I tillegg vart det kjøpt tenester av Luster kommune og einskildpersonar slik at heile verneområdet vart dekket.

Naturoppsynet har laga ein eigen årsrapport som ligg på nasjonalparkstyre sine nettsider.

## Andre sentrale myndigheiter

I tillegg til nasjonalparkstyret og naturoppsynet er det også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda.

Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har kommunane ansvar arealforvaltninga både innanfor og i randsonene rundt verneområda. Dette er særleg viktig for innfallsportane til verneområda. I tillegg har kommunane myndigheit knytt til bygningar og motorferdsel. Ofte må brukarar har løyve både frå verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova) som kommunen er myndigheit. Det er teke kontakt med



kommunane og fylkeskommunane for oppretting av administrativt kontaktutval for å ha best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret og kommunane.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og generell fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering.

Fjellstyra har ansvar for forvaltning i medhald av fjellova. Størstedelen av verneområda ligg i statsallmenning.

## Brukarar

Brukarane av Jotunheimen og Utladalen er mange og ulike. Dei aller fleste er besøkande som kjem for å oppleve den storslagne naturen, anten på avstand langs vegane eller ved å ta seg inn i området. Jotunheimen og Utladalen har blant dei mest kjende og best utvikla sti- og overnattingsystema i den norske fjellheimen. Kjende turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande.

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukarundersøkingar i både 1992, 2002 og 2010. Desse undersøkingane påvisar både utviklinga over tid og behov for tilpassingar. Som det første verneområdet i Noreg, vedtok nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ein besøksstrategi for verneområda i 2012.

I tillegg til dei besøkande, inkluderer også brukarane grunneigarar, bedrifter, lag og organisasjonar som bruker verneområda meir regelmessig. Mange av desse legg til rette for besøkande til området, men også anna næring. DNT Oslo og Omegn har omfattande aktivitet knytt til hyttene og stisystema sine. DNT-hyttene Gjendebu, Glitterheim og Skogadalsbøen er store bedrifter, og i tillegg kjem sjøbetjeningshytta Olavsbu. I tillegg er den private turisthytta Memurubu ein stor aktør. Grunneigarinteresser knytt til område er både beite, jakt og fiske og ulike eksisterande bygningar. Lom Tamreinlag, Storådalen beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innanfor verneområdet. I tillegg har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og ei rekke grunneigarar ulik grad av aktivitet i verneområdet.

## Sentrale dokument

Naturmangfaldslova trådde i kraft 01.juli 2009 og erstatta Naturvernloven frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldslova har sett ein del nye kriterier til sakshandsaming (vurdering av miljørettslege prinsipp) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldslova.

**Verneforskriftene** for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er av 05.12.1980. I 2004 vart det sendt ut melding om oppstart av revisjonsarbeid for desse forskriftene. Framlegg til nye verneforskrifter var på høyring i 2007. Grunna ulike forhold, blant anna ny lov og ny forvaltningsordning, har ikkje dei nye forskriftene blitt sluttbehandla i miljøverndepartementet ennå.

**Forvaltningsplan** for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Parallelt med revisjon av verneforskriftene, har det blitt arbeidd med å revidere forvaltningsplanen. Ny forvaltningsplan kan ikkje bli vedteke før etter at nye forskrifter er vedteke. Forvaltningsplanen er ei oppsummering av forvaltningspraksis og framlegget til forvaltningsplan som var på høyring i 2007 vert brukt til saksbehandling i dag. Når forskriftene er endeleg vedteke, vert det ein stor jobb å gå gjennom heile forvaltningsplanen på nytt. Særleg viktig vert det at nasjonalparkstyret blir involvert i prosessen. I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen og Gjendebu-området. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen vart utarbeidd i 1998 og fagressursar er engasjert for å revidere denne. Den reviderte planen vil omfatte eit større areal som også inkluderer Øvre Utladalen. Planen er planlagt vedteken i 2013. Skjøtselsplanen for Gjendebu-området vart vedteken i 2004. I 2012 kom ei fagleg evaluering av utviklinga i tiltaksområdet. Justeringar av tiltak er innarbeida i bestillingsdialogen for 2013.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Målsetjinga med strategien er å bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving, bidra til å auke verdiskapinga og bidra til å ta vare på naturverdiane. Grunnlaget for strategien er brukarundersøkingar i 1992, 2001 og 2010. Desse undersøkingane viser både kven som kjem på besøk, kva dei gjere, kor og korleis dei hentar informasjon. Basert på desse resultat og utvikling, er det foreslått framtidige tiltak:

- Tiltak retta mot sommarsesongen.
- Opprusting av innfallsportane.
- Utvikle opplevingstilbod som er korte tidsmessig ved nokre innfallsportar.
- Heilskapleg informasjonstrategi.
- Sikre verneverdiane: informasjon, restaureringstiltak og overvakning.

Tiltaka vart innarbeida i bestillingsdialogen for 2013. Særleg «Opplev Jotunheimen/Utladalen på ein time» er aktuelt i 2013.

#### 4. Arbeid nasjonalparkstyret 2012

Nasjonalparkstyret starta arbeidet i 2012 og styret med varamedlemmer deltok saman med styra frå Reinheimen og Breheimen på kompetanseprogrammet; eit opplæringsprogram med representantar frå både miljøverndepartementet, direktoratet for naturforvaltning og fylkesmennene.

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og veldig opptekne gjennom politisk arbeid. Møta har derfor blitt lagt opp litt ulikt avhengig av kva saker som skal behandlast. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen hadde fem møter i 2012. Arbeidsutvalet hadde tre møter. Møte har blitt arrangert både som samlingar med synfaring, fysiske møter, videomøter og telefonmøter.

Samla hadde nasjonalparkstyret 44 saker til behandling i 2012. Arbeidsutvalet hadde 13 saker. Under er sakene fordelt etter tema:

Type saker	Tal saker
------------	-----------



Adm./generelle vedtak	16 stk.
Vedtak om motorferdsel	18 stk.
Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.)	8 stk.
Vedtak om arrangement	1 stk.
Generelle uttalar	2 stk.
Vedtak om plan og planarbeid	3 stk.
Vedtak om økonomi	4 stk.
Klagebehandling	1 stk.
Andre tiltak	4 stk.
<b>Sum</b>	<b>57 stk.</b>

## Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda. Dette er ein prosess som kallast bestillingsdialogen. Då planlegg forvaltninga og oppsynet aktiviteten for kommande år ut frå kapasitet og behov. Med innføring av ny forvaltningsordning var prioritering og prosess for 2012 i hovudsak ei vidareføring av tidlegare praksis.

Tiltaksmidlar for 2012 (bestillingsdialogen)	Omsøkt	Justert etter tildeling	Sum
<b>Skjøtsel</b>			420 000,-
Skjøtsel Gjende	80 000,-	70 000,-	
Skjøtsel Utladalen	400 000,-	350 000,-	
<b>Stiarbeid</b>			500 000,-
Diverse steinarbeid	650 000,-	500 000,-	
<b>Eksterne tiltak</b>			250 000,-
Fullføring av steinsel Skogadalsbøen	300 000,-	250 000,-	
<b>Informasjon/innfallsportar</b>			70 000,-
Infotavle Koldedalen	40 000,-	30 000,-	
Informasjon om søppel og renovasjon	50 000,-	40 000,-	
Toalett Turtagrø	120 000,-	0,-	
P-plass Helgedalen	75 000,-	0,-	
<b>Naturvegleiing</b>			390 000,-
Naturvegleiar (1/2 årsverk)	350 000,-	250 000,-	
Naturvegleiarar (sesongtilsette)	350 000,-	0,-	
Informasjonsarbeid Naturhuset	75 000,-	70 000,-	
NP-festival	30 000,-	20 000,-	
Formidlingsopplegg Jotunheimen NP-senter	50 000,-	50 000,-	
<b>Ekstra oppsyn</b>			10 000,-
Villrein Turtagrø	15 000,-	10 000,-	
<b>Kartleggingsarbeid</b>			60 000,-
Slutføring skjøtselsplan Utladalen	40 000,-	0,-	
Overvaking av ugler og dagrovfuglar	60 000,-	60 000,-	



	Registrering av kulturminne	200 000,-	0,-
<b>Sum</b>		<b>2 885 000,-</b>	<b>1 700 000,-</b>

Omsøkte tiltaksmidler for 2013 (bestillingsdialogen)		Omsøkt	Sum
<b>Skjøtsel</b>			500 000,-
	Skjøtsel Gjende	som før	70 000,-
	Slått Gjende	nytt	30 000,-
	Skjøtsel Utladalen	som før og nytt	400 000,-
<b>Stiarbeid</b>			400 000,-
	Vedlikehold	vedlikehold	100 000,-
	Nye tiltak	nytt	250 000,-
	MONA	nytt	50 000,-
<b>Informasjon/innfallsportar</b>			590 000,-
	Standardisering av eksisterande	vedlikehold	200 000,-
	Etablering av naturstiar	nytt	300 000,-
	Vurdering og planlegge infrastruktur ved innfallsportane	nytt	70 000,-
	Rollups til turisthyttene	nytt	20 000,-
<b>Naturvegleiing</b>			490 000,-
	Naturvegleiing	vidareføring	400 000,-
	Informasjonsarbeid Naturhuset	vidareføring	70 000,-
	NP-festival	vidareføring	20 000,-
<b>Ekstra oppsyn</b>			10 000,-
	Villrein Turtagrø	vidareføring	10 000,-
<b>Kartleggingsarbeid</b>			80 000,-
	Jaktfalk	nytt	20 000,-
	Spetter	nytt	30 000,-
	Apollo-sommarfugl	nytt	30 000,-
<b>Sum</b>			<b>2 070 000,-</b>

I 2012 fekk nasjonalparkstyret tildelt 220 000 kroner i frie tiltaksmidler, som vart disponert slik etter vedtak i styret:

Tiltak	Beløp
<b>Sikring/utskifting av sikring langs sti til Vettisfossen</b>	68 338,-
<b>Sikring/restaurering av veg langs Gjende</b>	7 189,-
<b>Oppgrusing av P-plass ved nasjonalparkrensa i Veodalen</b>	6 563,-
<b>Oppgradere sikringstiltaka i Bukkelægret pga slitasje</b>	10 555,-
Forlenging/flytte ein av dei fastmonterte kjettingane etter utrasing og litt omlegging av stig.	
Bytte ut den gamle vaieren med kjetting.	
<b>Tilskott til etablering av amfi ved Gjendesheim, DNT</b>	45 000,-
<b>Oppgradering av skilt/ informasjonsmateriell med behov for snarleg utskifting – samarbeid med Norsk Fjellmuseum</b>	50 000,-
<b>Ny karttavle Jotunheimen, 3 stk alu-trykk frå Visus</b>	8 938,-
<b>Totalt</b>	<b>206 583,-</b>



2012 var første driftsåret for det nye forvaltningsstyret og budsjettarbeidet for 2013 var også det første. Både drift av sekretariat og styrer/utval er dermed usikre. Søknad om tiltaksmidlar var også den første reelle prosessen for styret og var i hovudsak vidareføring av tidlegare praksis.

Budsjett drift	Sum
Driftsutgifter for nasjonalparkstyre og utval	320 000,-
Driftsutgifter for sekretariat	307 000,-

## Vidare arbeid

### Revisjon av verneforskrift:

Dette har vore ein omfattande og lang prosess. I 2004 vart oppstartmelding sendt ut (sjå <http://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/Planar/Forvaltningsplan/> for oversikt over prosessen). Etter påtrykk frå styret har departementet teke opp att arbeidet med å slutføre denne revisjonen. Grunna nye retningslinjer og malar, må både forskrift og forvaltningsplan justerast. Prosessen med sluttbehandling vil gje mykje arbeid både for styret og sekretariat.

### Besøksstrategi:

Jotunheimen og Utladalen har som første verneområde i landet, vedteke ein besøksstrategi for området. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret.

### Kartleggingsarbeid:

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Auka fokus på kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.